

Jarl Magne Steinhovden  
Løypetona 96  
5918 Frekhaug.

Frekhaug 22.09.2018.

Alice Bigom  
Hamnevegen 53, Pb 291  
5203 Os.

## **Svar på nabovarsel til Løypetona 96, Frekhaug.**

### Høgdeplassing av bygg.

Som næraste nabo til hus 1 har vi med lite glede sett kor bygget reiser seg og har teke bort nesten all kveldssol som vi kunne glede oss over på fine dagar. Men vi var også førebudd på at slik ville det truleg bli når huset kom opp.

Når det no blir søkt om at hus 2 skal bli 1,2 m høgre i forhold til tidlegare godkjend gesimshøgde på 35,5 m, altså 36,7 m, så vil vi på det sterkaste protestere mot det. Vi kan ikkje vere med på å miste også den vesle kveldssola vi kanskje kan få høgste sommaren. Når vi tek det store steget som det er å kjøpe ny bustad så er det i tillit til at vi kan stole på dei planer som ligg føre for området omkring.

### Parkeringsdekning.

Når det gjeld parkering, så går vi imot at ein går bort frå kravet om 1,5 parkeringsdekning pr bueinheit. Vi ser allereie at det til tider er trangt om parkeringsplass i området her. Det må vere slik at folk som kjem på besøk kan finne ein plass å setje bilen i nærleiken av dit ein skal. Utviklinga går vel også slik at fleire skaffar seg ein bil nr 2 (el-bil) etter kvart.

Helsing

Magna og Jarl Steinhovden